



Miljødirektoratet  
v/Fylkesmannen i Agder  
fmagpost@fylkesmannen.no

29. oktober 2020

## **KLAGE – LØYVE TIL UTPLANTING AV UTANLANDSK TRESLAG TIL SKOGPRODUKSJON – GNR/BNR 158/1 – FARSUND KOMMUNE**

Vi viser til sak 2020/1183, vedtaksdato 5.10.2020. Vedtaket blei kunngjort på Miljøvedtaksregisteret den 13.10.2020.

Vi viser vidare til at vi varsla klage 23.10.2020.

Klagarorganisasjonane arbeidar spesielt med naturmangfald. Viss det er nærare spørsmål om vår klagerett, så kan vi svare på det etter førespurnad.

Vi meiner vedtaket er feil, og at det ikkje kan gjevast løyve til å plante ut sitkagran.

### **Området som er omsøkt**

Det finst fleire kart i lag med søknaden. Ingen av dei har tydeleg avmerking av arealet som er omsøkt. Vi kjem til at området markert med fiolett på flyfoto må vere det aktuelle området, sjølv om buffersonekarta ikkje er så lett å forstå ut frå det. Området ser elles større ut enn arealet det er tale om i søknad og vedtak. Dette forstår vi slik at det er tenkt ei blanding av plantingar med sitkagran og noko anna. Vi ser for oss at ei vag avmerking av området vil vere vanskeleg å kontrollere seinare.

### **Kartleggingsstatus – kunnskap om området**


Dei viktigaste kjeldene til kunnskap om det som finst i området finst på Naturbase og Artskart. Når det gjeld Naturbase må ein alltid stille spørsmål om alt er kartlagd i kommunen, eller om det er ei utvalskartlegging. Viss ikkje alt er kartlagd, så har ein berre kunnskap om område dekt av lokalitetar. Ein del av lokalitetane er registrert i 2009 i samband med arbeid med rv. 465. Vi ser vidare spor av edellauvskogsregistrering kring 2010 og undersøking av fisketomme vatn i 2003. Vi ser ikkje teikn til meir omfattande kartlegging, t.d. av skog. Når det ikkje finst naturtypelokalitetar i det aktuelle området, kan det skuldast at det ikkje er noko

Naturvernforbundet  
Mariboegate 8  
0183 Oslo  
[naturvern@naturvernforbundet.no](mailto:naturvern@naturvernforbundet.no)


Sabima  
Mariboegate 8  
0183 Oslo  
[sabima@sabima.no](mailto:sabima@sabima.no)

WWF-Norge,  
Postboks 6784 St. Olavs  
Plass, 0130 Oslo  
[wwf@wwf.no](mailto:wwf@wwf.no)

som skal kartleggast, eller at det ikkje er kartlagd. I dette tilfellet antar vi at det ikkje har vore vurdert i samband med kartlegging. Ein kan i alle fall ikkje konkludere med at det ikkje finst natur som oppfyller krava til kartlegging.



*Frå Gislink. Grøn skravur viser naturtypelokalitetar. Omsøkte område ligg i området der det står Melandsheia.*



*Frå Artskart 23.10.2020*

Når det gjeld Artskart er det knapt ei registrering knytt til omsøkte område. Manglande punkt på kartet kan skuldast at det ikkje finst artar i området, eller at det ikkje er gjort registreringar. Ein kan ikkje bruke manglande punkt på kartet som prov på at det ikkje er sjeldne artar i eit område. Ein skal i staden konkludere med at det ikkje har vore kartlegging, og at kunnskapen om området dermed er mangelfull. På kartutsnittet kan ein elles i austre delen sjå eit døme på korleis Artskart ofte ser ut i eit område som er kartlagd.

Det er nemnt at det har vore synfaring i området, men det er ikkje kjent kva denne synfaringa har klarlagt, utanom at ein meiner at spreining vil vere mogleg å følgje opp. Ved kartlegging for det offentlege skal observasjonar gjerast tilgjengeleg gjennom Artskart. Dette kravet må rimelegvis gjelde også når det offentlege sjølv skal kartlegge. Det er difor antatt at synfaringa ikkje kartla artar.

### **Vindspreiing og oppfølging av spreining**

Omsøkte område ligg på ein åsrygg. I kommunen si fråsegn er det sagt noko om vindeksponering: *«For det lokale klimaet vil en sitkagran-skjerm dempe vindslitet lokalt og derfor bedre produksjonsvilkårene i skogen for øvrig.»*

Når det er såpass med vind at den nye skogen vil få ein viss leplantingsfunksjon, så må ein legge til grunn at det kan bli betydeleg langdistansespreiing. Frø frå dette området kan spreiest minst eit par kilometer, og i nokre høve truleg mykje lenger enn det. Alle naturtypelokalitetane på kartutsnittet over ligg t.d. i mindre enn 2 km avstand frå omsøkte område. Desse er ikkje gjennomgått i vedtaket.

Kortdistansespreiing er til ein viss grad mogleg å følgje opp på eigen grunn. Ein finn trea, men det kan ofte bli så mange av dei at det blir eit stort arbeid. Av nærområde er sørsida av Ytre Espeåsen som ligg i le når vinden kjem frå nord, og er såpass ope at frøspreiing er svært sannsynleg.

Langdistansespreiing fører til enkelttre litt her og der. Dei vil ofte bli synlege først når dei blir ganske store og kan ha fått kongler. Då har dei alt vore årsak til sekundærspreiing når ein eventuelt kan gjere noko med dei.

Søkjjar nemner sjølv at oppfølging av rømlingar på andre sin grunn ikkje er mogleg.

Vedlagt følgjer ein rapport om frøspreidd gran i Hustadvika kommune<sup>1</sup>, som viser korleis lutzgran spreier seg. Sitkagran spreier seg på same måten. I denne kommunen har det vore arbeidd i fleire månader med sikte på løyve til å fjerne frøspredde lutzplanter. Fylkesmannen er spurd om hjelp for nokre veker sidan, utan avklaring så langt.

### **Treslagskifte og klimaendringar**

Det går fram av søknaden at det i dag står furu og bjørkeskog på arealet. Det er vidare sagt at det ikkje er anna enn sitkagran som ein vil få til å vekse på staden, i alle fall viss målet er tømmerkog. Treslagskifte er biologisk sett svært dramatisk. Det vil endre noverande opne

---

<sup>1</sup>2020.05.31 Rapport - granskog på Stemshesten. 12 s.

skog til å bli treplantasje. Det vil mellom anna føre til at dyreliv som finst i overgangen mellom skog og fjell vil misse viktige areal. Den negative verknaden vil forsterkast, sidan klimaendringar og endra bruk av utmarka dei siste hundre åra fører til at skoggrensa stig. Dette er ein del av sumverknaden som skulle ha vore med i vurderingane i vedtaket.

### **Det krevst særleg grunn for å kunne gje løyve til artar med svært høg risiko (SE)**

Det går fram av rettleiaren side 11: «*Når en art i Norsk svarteliste 2012 er oppført med svært høy risiko (SE), vil det normalt ikke være hjemmel til å tillate utsetting. Det samme vil kunne gjelde for arter med høy økologisk risiko (HI). Generelt kan forvaltningsmyndigheten bare gi tillatelse til utsetting dersom det i det aktuelle tilfellet foreligger minimal risiko for spredning.*»

Av alminneleg god sakshandsaming følgjer det då at ein går nøye gjennom det som finst i området som kan bli påverka. Artsdatabanken har funne det dokumentert at sitkagran har ein del eigenskapar som gjer at arten kan gjere stor skade i norsk natur. Søkjar og den som gjev løyve må i prinsippet prove at det som ligg til grunn for risikovurderinga er uaktuelt/ikkje gjeld i det aktuelle tilfellet.

Det blir påstått i søknaden at sitkagran ikkje spreier seg nemnande i området, og landbrukskontoret ytrar seg i same retning om det omsøkte området. Vi vil peike på at det ikkje er ofte vi ser lite spreining av sitkagran og lutzgran i nærleiken av plantefelt med desse treslaga. Lite spreining er avvikande frå dei undersøkingane som er gjort på dette området. Søkjar og landbrukskontor bør difor få utført undersøkingar og dokumentasjon av dette viss det skal leggast vekt på. Fylkesmannen må legge til grunn at det vil bli ei betydeleg lokalspreining, og ei tilstrekkeleg langdistansespreining til at dette kjem til å påverke omliggande natur.

### **Skog og CO2**

Omsøkte areal fangar CO2 også i dag. Alt brunt jordsmonn består av karbon som er fanga etter siste istid. Det er mogleg fangsten ikkje går så fort som i ein sitkagranskog, det har vi i dag ikkje kunnskap om. Men ein granskog har den ulempa at han blir hogd på eit tidspunkt, og då slepper mykje av karbonet ut igjen av stokken. Det er dessutan ei god stund til ein nyplanta sitkaplantasje potensielt får til å samle meir karbon enn den skogsmarka som er der i dag. Klagar vil difor avvise at planting av sitkagran på denne staden kan reknast som fordelaktig for klimaet, utan vesentleg meir dokumentasjon. Vi vil elles protestere mot påstanden i søknaden: «*Skogplanting på et nye arealer, er allmennt akseptert som et viktig klimatiltak, og bør vektleggs.*» Treslagsskifte til sitkagran, og verknaden av dette på klimaet er høgst omstridd.

### **Konklusjon**

Kunnskapsgrunnlaget har manglar med omsyn til artar og truleg også naturtypar. Omsøkte område ligg vindutsett til, noko som vil føre til omfattande vindspreining. Føresetnaden for fjerning av rømlingar er ikkje til stades. Planting av sitkagran på omsøkte område vil klart kunne føre til negativ verknad på naturen rundt, i form av at opne område blir tette, og

spreiing av ein framand art som fører til betydeleg skade på ein natur det ikkje er samla så mykje kunnskap om.

### **Krav om oppsetjande verknad**

Vi ber om at klaga får oppsetjande verknad, slik at det ikkje blir sett ut sitkagran før klaga er avgjort.

Med venleg helsing

Arnodd Håpnes  
Fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel  
Generalsekretær, Sabima

Sverre Lundemo  
Seniorrådgjevar naturmangfald, WWF Verdens naturfond